



Brannordning

Innleiing

Brannordninga skal stette dokumentasjonskravet i Brann- og eksplosjonslova (BEL) § 10, om at plikta til etablering og drift av brannvesenet i BEL § 9 første, andre og tredje ledd, er oppfylt.

Brannordninga dokumenterer korleis førebyggjande og operative oppgåver vert teken i vare i Jølster kommune. I tillegg til dette dokumentet er brannvesenet si risikokartlegging og rutinar styrande dokument for brannvesenet sitt arbeid.

Denne brannordninga stettar minimumskrava i Forskrift om organisering.

1 Innhold

1.	Generelt.....	3
1.1	Synergi i brannordninga	3
1.2	Effektivitet	3
1.3	Avvik	3
1.4	Revisjon	3
2	Underlagsdokumentasjon	3
3	Formål med brannordninga	3
4	Grunnlag for dokumentasjonen som tek i vare førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver..	4
4.1	Oppgåver	4
4.2	Grunnlag for organisering og dimensjonering	4
4.3	Vurdering/oppgransing av utvalde risikofaktorar som kan medføre ekstra utstyr/kompetanse eller vaktordning ut over basis.....	5
5	Administrasjon og leiing	5
5.1	Leiing	5
5.2	Myndeoverføring.....	6
5.3	Overordna vakt beredskap	6
5.4	Årsrapport	6
5.5	Innsatsplanar	6
5.6	HMT og internkontroll.....	6
5.7	Instruksar	6
5.8	Opplæring og kompetanse	6



5.9	Øving av beredskap	6
6	Førebyggjande avdeling	7
6.1	Leiing	7
6.2	Tilsynspersonell	7
6.3	Feiing	7
7	Beredskap	7
7.1	Leiing	7
7.2	Innsatsstyrker – på vakt.....	7
7.3	Auka beredskap	8
7.4	Vikar-/reservemannskaper	8
7.5	Grunnleggende kompetanse	8
7.6	Øvingar	8
7.7	Trening.....	8
7.8	Testing	8
8	Varsling og alarmering.....	9
8.1	110-tjenesten	9
9	Utrustning av beredskap	9
9.1	Alarmering- og sambandsutstyr	9
9.2	Personleg vern.....	9
9.3	Materiell	10
9.4	Vassforsyning.....	10
10	Avtalar	10
11	Utvida evaluering av innsats	10
12	Brannstasjonar	10
13	Vedlegg:.....	11



1. Generelt

Jølster brann og redning skal bidra til å sikre liv, helse og verdier innanfor grensene til Jølster kommune. Når det er naturleg skal vi assistere nabobrannvesen i utføringa av deira brann og redningsoppgåver. Brann og redningsvesenet skal også være ein ressurs rådmann og kommunal kriseleiing kan nytte for å ivareta lokalsamfunnet sine interesser.

1.1 Synergi i brannordninga

På kort tid kan brannvesenet be om større beredskapsressursar frå nabobrannvesen og andre beredskapseiningar. Brannvesenet arbeider for at samarbeid vert mest mogeleg effektivt for alle involverte, både økonomisk og i høve til kompetansebygging i brannvesenet.

1.2 Effektivitet

Brannvesenet skal søke å ivareta krava i brannordninga på ein ressurs- og kostnadseffektiv måte.

1.3 Avvik

Dersom brannordninga vert broten systematisk eller permanent skal brannsjefen varsle rådmannen om brot og årsak. Kortare og tilfeldige avvik handsamast i utgangspunktet av brannvesenet.

1.4 Revisjon

I følgje brannvesenet sitt IK-system, skal brannordninga evaluerast kvart år.

Dersom vi ikkje finn trong for revidering, skal gjeldande brannordning forlengast.

2 Underlagsdokumentasjon

- LOV 2002-06-14 nr 20: Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (BEL) med tilhøyrande forskrifter og rettleiingar
- Brannvesenets ROS-analyse, 2014
- Kommune-ROS, grunnlag og analyser, 2014
- Kommunestyrevedtak i :
 - Sak 075/15 dagsett 29.09.15

3 Formål med brannordninga

Brannordninga med utrykte vedlegg tek i vare førebyggjande og beredskapsmessige krav etter brannloven (BEL §§ 9-18) og lokale ROS-analysar.

Brannordninga gjev også føringar for dimensjoneringa av brannvesenet i Jølster. Brannvesenet skal være dimensjonert i tråd med regelverket sine standardkrav og tilpassa lokal risiko i kommunen slik den kjem fram i risikokartlegginga.



4 Grunnlag for dokumentasjonen som tek i vare førebyggande og beredskapsmessige oppgåver

4.1 Oppgåver

Primæroppgåvene går fram av BEL kapittel 3, § 11.

Brann- og redningsvesenet sitt føremål er å dekke kommunen sine behov, plikter og oppgåver i samband med:

- Førebyggande tiltak mot brann og ulykker
- Feiing av og tilsyn med fyringsanlegg
- Innsatsstyrke ved brann
- Innsatsstyrke ved ulukker og redningsarbeid.
- Innsatsstyrke ved akutt ureining.
- Innsatsstyrke ved andre krisesituasjoner

Som følgje av ROS-analyser og standardkrav skal brannvesenet ha følgjande kapasitetar:

- Grunnleggande brannteneste ved brann, ulykker og ureining
- Røykdykking
- Overflateredning
- Beredskap mot ekstremvær
- Bistand til andre samfunnsaktørar.

Undervisningstenester

- Høyringsinstans for brannteknisk byggesaksbehandling for bygningsmynde.
- Deltaking i kommunen sitt beredskapsarbeid
- Diverse oppdrag for innbyggjarar og næringsliv (betalte og ikkje betalte)
- Tilfeldig sal av tenester knytt til kjerneverksemda

4.2 Grunnlag for organisering og dimensjonering

Samla tal innbyggjarar i kommunen (SSB per 01.01.2015): 3 026 innbyggjarar

Totalt landareal 621 km²

Av dette skogareal 72 km² (Produktiv skog 46 km²)

Tal eldstader/piper 1100 (2013)

Tal særskilte brannobjekt : 23 (2015)

Etter SSB sin definisjon har kommunen tre tettstadar, Skei med 441 innbyggjarar, Vassenden med 386 og Langhaugane med 734. I etterfylgjande delar vert «Vassenden» nytta som samlenamn på områda Vassenden, Hjelmbrekkfeltet og Langhaugane. Den utvida tettstaden Vassenden har såleis ca 1120 innbyggjarar.

Vurdering av innsatstid:

Kommunen har to brannstasjonar, ein på Skei og ein på Vassenden. Dette sikrar at sjukeheimane og tettstadane har ei innsatstid på mindre en 10 min. Innanfor



kommunen sine grenser er dei to stasjonane alltid næraste brannressurs, og vil langs køyrbare vegar ha innsatstid på under 30 minutt.

Ved større hendingar vil fyrsteinnsats kunne rekne med bistand seinast 20 minutt etter at dei er framme på skadestad. Ved hendingar mellom Fossheim og Langhaugane vil bistand skje med eige mannskap, mens Byrkjelo eller Førde er nærmaste sekundærressurs elles i kommunen.

Trafikksituasjon og vêr- og føretilhøve kan skape avvik frå å oppnå 10 minuttars innsatstid. Pågåande aksjonar vil også føre med seg lengre innsatstid i periodar, og kunne medføre at nabobrannvesen må aksjonere i kommunen.

4.3 Vurdering/oppramsing av utvalde risikofaktorar som kan medføre ekstra utstyr/kompetanse eller vaktordning ut over basis

Risikotilhøva i kommunen er kartlagt og syner mellom anna:

- Fleire biltunellar med eit løp, av desse tre med lengd over 1 km
- Objekt med krav om 10-minutter innsatstid
- Det vert transportert store mengder farlig gods gjennom kommunen.
- Brannvesenet har utarbeid innsatsplanar for objekt og type hendingar som krev dette.
- I områder med dårlig vannforsyning vert dette kompensert med tankbil. Brannvesenet har ein tankbil til disposisjon.
- Det er få utrykningar og derfor behov for kompetanse og øving innan:
 - Strategisk og taktisk leiing på skadestad.
 - Innsats som er av lang varighet og/eller høy kompleksitet
 - Omfattande evakueringssituasjonar
 - Ulukker med farlig gods og akutt ureining.
 - Frigjøring av fastklemte i tungbiler (eks. lastebiler)
- Drukningssulykker og ulykker i vatn.
- Branner kan være større enn fyste innsatsstyrke kan handtere. Kompenserast med utkalling av eigne brannmannskaper samt bistandsavtaler.
- Ved store hendingar skal alle egne ressursar og samarbeids- og bistandsavtaler nyttast. I tillegg til nabobrannvesen er det i kommunen mange privatpersonar eller føretak som kan bidra i innsatsen.
- Flaum og ras påverkar samfunnstryggleiken, og brannvesenet er ein ressurs kommunen si leiing kan nytte for å ivareta samfunnet sine interesser.

5 Administrasjon og leiing

5.1 Leiing

Ut frå folketalet krev leiing av brannvesenet fylgjande stillingsprosentar (jfr Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen § 2-5):

- Brannsjef: 15 % årsverk
- Leiar førebyggjande: 15 % årsverk



- Leiar beredskap: 15 % årsverk

Brannsjefen skal fungere som leiar av førebyggjande eller leiar beredskap. Leiar av den andre avdelinga skal være brannsjefen sin stadfortredar.

5.2 Myndeoverføring

Kommunestyret i Jølster har delegert kommunens mynde etter Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter til rådmannen/brannsjefen.

5.3 Overordna vakt beredskap

Overordna leiing av brannvesenet under innsats vert ivareteke av brannsjefen eller overordna vakt. Leiing på skadestad skal fylgje prinsippa baki «Einheitleg innsatsleiing» (ELS). I brannsjefen sitt fråvær har overordna vakt alle brannsjefen sine fullmakter. Vaktordninga er 4-delt og vaktstyrken omfattar dei brannsjefen delegerer myndet til. Brannsjef og stadfortredar skal inngå i vaktordninga.

5.4 Årsrapport

Brannsjefen skal innan 1. april kvart år utarbeide en årsrapport over siste års hendingar.

5.5 Innsatsplanar

Brannsjefen er ansvarleg for at innsatsplanar vert utarbeid for store og/eller kompliserte risikoobjekt/hendingar. Etter bruk skal innsatsplanane evaluerast, og om naudsynt reviderast. Planane skal årleg rullerast og reviderast i tråd med ny kunnskap eller endra føresetnader.

5.6 HMT og internkontroll

Brannvesenet skal ha internkontrollsystem som sikrar at alle krav til helse, miljø og tryggleik vert etterlevd. Brannvesenet skal være knytt til bedriftshelsetenesta.

5.7 Instruksar

Brannsjefen er underlagt kommunen sitt administrative delegeringsreglement som skal sikre at brannvesenets pliktar etter brannlovgjevinga vert ivareteke på ein god måte.

5.8 Opplæring og kompetanse

Leiar og mannskap skal gjennomføre den opplæring som vert kravd i "forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesenet, kap. 7". I tillegg kjem opplæring som er naudsynt for å gjennomføre særskilte oppgåver tillagt brannvesenet. Det skal årleg utarbeidast eigen opplæringsplan.

5.9 Øving av beredskapen

Brannvesenet utarbeider øvingsplanar som sikrar at leiing og mannskap har kompetanse til å kunne løyse dei oppgåver dei kan bli stilt overfor. Øvingsplanane arkiverast fortløpande.

Øvingane skal planleggjast med tema, øvingsmål, gjennomføring og evaluering av øvinga. Det skal minimum gjennomførast 6 øvingar i året, og oppmøtet til øvingane



skal registrerast. Personell med spesialkompetanse, til dømes befall og røykdykkarar, skal i tillegg ha eigne øvingar eller øvingsmoment for desse funksjonane. Befall skal ha minimum 3 årlege øvingar av leiarfunksjonen.

6 Førebyggjande avdeling

6.1 Leiging

Avdelinga vert leia av brannsjefen.

6.2 Tilsynspersonell

For å kunne gjennomføre dei førebyggjande oppgåvene skal førebyggjande avdeling i tillegg til leiar, ha 35% stilling innanfor tilsyn med særskilde brannobjekt, opplæring og haldningsskapande arbeid. Tilsynspersonell skal ha godkjend opplæring og bør i tillegg inngå i beredskapsstyrken.

6.3 Feiging

Avdelinga skal være bemanna slik at røykkanalar vert registrert og feia etter behov. I tillegg skal den gjennomføre lovpålagt tilsyn med piper og eldstadar, fylgje opp desse og gje informasjon til brukar og eigar av slike. Arbeidsoppgåvene tilsvarar 70 % stilling. Feiar skal ha fagbrev innanfor feiarfaget.

7 Beredskap

7.1 Leiging

Avdelinga vert leia av brannsjefen sin stadfortredar.

7.2 Innsatsstyrker – på vakt

Det vert forventa at alle nyutdanna vert godkjente som røykdykkarar. Alle mannskap skal ha kartlagt fysisk kapasitet. Overordna vakt og sjåfør kan fråvike krav som godkjent røykdykkar.

Brannvesenets innsatsstyrke består vidare av:

Overordna vakt

Overordna vakt er i vanlege hendingar fagleiar brann og har brannsjefens myndighet dersom denne ikkje er tilgjengeleg på skadestad. I dei tilfella kor brannsjefen kjem på staden etter overordna vakt, skjer overføring av mynde i tråd med brannvesenet sine eigne rutinar. Overordna vakt er også den som varslar IUA ved større ureining. Vakta er firedelt og to skal ha bustadadresse Skei og to Vassenden.

Befall som ikkje er på vakt inngår i mannskapsstyrken og skal når dei er tilgjengelege møte på skadestad og være ein fri leiarressurs for innsatsleiar.

Mannskap



Dei to stasjonane skal kvar ha 12 deltidsmannskap. Mannskapet inngår normalt ikkje i vaktberedskap. I samband med opplæring av nytt mannskap kan styrken aukast til 14 personar i inntil 2 år. Mannskapet er pliktige til å møte når dei er disponible.

7.3 Auka beredskap

I spesielle utfartshelger, høgtider, ved større arrangement, unormal risiko eller periodar med forventa dårlig frammøte ved alarm, har brannsjefen plikt og myndighet til å etablere høgare beredskap dersom dette er naudsynt for å sikre nødvendig innsats ved brannar eller ulykker.

Sommarvakt

Ved stort planlagd feriefråvær kan attverande mannskap bli pålagt vakt. Dette gjeld for begge stasjonane, sjølv om berre ein har redusert beredskap. Pålagt vakt vert lønna etter eiga regelverk.

7.4 Vikar-/reservemansskaper

Brannsjefen har mynde til å beordre sivile personar og utstyr til å delta i innsats når brannvesenet sine eigne ressursjar ikkje er tilstrekkeleg til å løyse oppgåvene på ein god og trygg måte.

7.5 Grunnleggende kompetanse

Mannskap i innsatsstyrken skal ha den grunnopplæring som lov og forskrift krev.

Døme på dette er:

- Brannskolens grunnkurs og befalskurs.
- Førarkort klasse C(E).
- Førarkort klasse 160 (godkjent utrykkingssjåfør)

Nytt mannskap har oftast ikkje denne kompetansen, og brannvesenet må syte for at dei får naudsynt opplæring.

Overordna vakt skal ha kompetanse innanfor Enhetlig ledelsessystem (ELS).

Kurs og spesial opplæring vert gjeve til dei som skal ha spesielle oppgåver innanfor brann og redningsarbeidet.

7.6 Øvingar

Den årlige øvingsplanen skal utarbeidast etter krav stilt i dimensjoneringsforskriften (§ 4-13), og skal tilpassast lokal risiko og mannskapa sin kompetanse og ferdigheter. Øving og deltaking skal dokumenteras.

7.7 Trening

Brann og redningsarbeid krev styrke, kondisjon og god helse. Det skal leggjast til rette for fysisk trening.

7.8 Testing

Forskriftsfestet testing av innsatspersonell skal gjennomførast etter årlig oppsett plan og dokumenteras.



8 Varsling og alarmering

8.1 110-tjenesten

110-tjenesten vert utført av Alarmsentralen IKS. Alarmsentralen IKS er ansvarlig for utkalling av innsatspersonell, loggføring av aksjonar og bistand til innsatsleiar. Når naudsynt kan alarmsentralen også kalle inn andre kommunale resursar, til dømes kommunalkriseleiing eller psykososialt kriseteam.

Mannskaper alarmeras via godkjente terminaler. Personellet skal bære desse i samsvar med eigne rutinar og vaktordning. Dersom naudnettets ikkje er i drift kan mannskapet også alarmerast via mobiltelefon (UMS). Alarm via UMS er ikkje godkjend som utalarmering, og vert berre nytta ved omfattande teknisk svikt i naudnettets.

Ved tidskritiske hendingar er Alarmsentralen pålagt å utalarmere næraste tilgjengelege ressurs – uavhengig av kommunegrensar. Tilsvarende gjeld også ved innkalling av ekstra mannskap og resursar. Alle brannverna og Alarmsentralen har difor inngått avtale om gjensidig støtte og utalarmering på tvers av kommunegrensene. Heile kommunen vil ha fyrsteinnsats frå Jølster, og brannvesenet må rekne med å bli utkalla ved hendingar i Fjærland og forbi Moskog.

For kortare periodar kan overordna vakt bestemme sideforskyving av beredskap (anna styrke vert kalla ut for å erstatte den som er i innsats). Sideforskyvinga vert gjennomført via Alarmsentralen.

9 Utrustning av beredskapen

9.1 Alarmering- og sambandsutstyr

Brannvesenet skal ha nødvendig utstyr for alarmering av personellet og for kommunikasjon mellom alarmsentral, overordna vakt, utrykkingsleiarar, kjøretøyer, andre naudetatatar med fleire.

Overordna innsatsleiing skal alltid kunne kommunisere med eige mannskap, andre naudetatatar og fagsentralane.

Røyk- og kjemikaliedykkarar skal nytte nødvendig sambandsutstyr ved innsats.

Naudnettets er operativt i fylket frå hausten 15, og all utalarmering og samband vert gjennomført på dette.

9.2 Personleg vern

Alt innsatspersonell skal ha godkjent personleg verneutstyr tilpassa oppgåvene dei er sett til å utføre. Dei skal være kjende med utstyret sine mogelegheiter og avgrensingar.



9.3 Materiell

Brannvesenet skal disponere nødvendig materiell til innsats ved brann, trafikkulykker, miljøskader og andre ulykker. Kvart år skal utskiftningsplan/økonomiplan for bilar og materiell oppdaterast.

For å oppnå god utnytting og levetid skal biler og materiell flåtestyras. Det er ei føresetnad at brannstasjonane har tilstrekkelig utstyr tilpassa risiko og dei oppgåvene brannvesenet/brannstasjonen er tillagt. For å sikre at materiellet er i orden og klar til innsats skal det ettersjåast og kontrollerast etter oppsette rutinar. Utført kontroll og vedlikehald skal dokumenterast.

9.4 Vassforsyning

Vassforsyninga er registrert i samband med kartlegging av risiko i kommunen. I dei fleste områda med busetjing er vassforsyninga god, men det er grender med dårleg vassforsyning. I periodar kan vassforsyninga være redusert på grunn av låg vassføring i elvar/bekkar.

Tankbilar i regionen

I dei områder kor sløkkjevassforsyninga er dårlig eller manglar, blir den erstatta/supplert med tankbil. Tankbilar er også viktig i skogbrannberedskapen. I kommunen har vi ein tankbil stasjonert på Skei. I tillegg kan tankbil rekvirerast frå Førde, Sandane og Sogndal.

10 Avtalar

Avtalar om samarbeid og bistand er inngått i samsvar med Forskrift om organisering av brannvesenet, av 26.06.02, §§ 4-1 og 4-2.

Gjensidig samarbeids- og bistandsavtale med:

- Felles gjensidige bistandsavtale med alle brannvesen i fylket.
- Avtale om organisering av akutt ureining er inngått med IUA Sogn og Sunnfjord.

Det skal søkjast samarbeidsavtaler, bistandsavtaler og samvirkeavtaler med dei aktørane som kan gjere brannvesenet meir robust i utføring av si verksemd.

11 Utvida evaluering av innsats

Etter større eller unormalt omfattande brannar/ulukker kan det være aktuelt med utvida evaluering av innsatsen. Føremålet med ei slik evaluering er å betre beredskapen og det førebyggjande arbeidet med auka kompetanse og/eller utstyr. Slik evaluering kjem i tillegg til den som vert gjennomført etter øving eller vanleg utrykking.

12 Brannstasjonar

Brannvesenet disponerar brannstasjon på Vassenden og Skei. Stasjonane skal være tilpassa brannvesenet sine behov med tanke på garderobar, lager og verkstad.



13 Vedlegg:

- 1 Brannvesenet si risikovurdering.

Risiko og sårbarhetsanalyse Jølster brannvesen.

Generelt.

Arbeidet med risikokartlegginga er heimla i Brann og eksplosjonsvernslova §§ 9 og 10.

I arbeidet med risikokartlegginga har brannvesenet så langt det er mogeleg nytta anerkjende metodar og litteratur i arbeidet, mellom anna NS 5814 og "*Handbok i kartlegging av brannrisiko i kommunen*" utgitt av DSB . Mest innsats er lagt i vurderingane av reine brann/redningsfaglege oppgåver, men erfaringa syner at brannvesenet også vert involvert i hendingar som ikkje er direkte relatert til våre primæroppgåver. Jølster brannvesen ynskjer å være ein ressurs for lokalmiljøet, og er positive til slike oppgåver så lenge dei ikkje går ut over vår beredskap. I risikovurderinga er det difor også sett på hendingar som ikkje er direkte knytt til brann/redningsarbeidet.

Risikokartlegginga er tenkt nytta i arbeidet med rullering av brannordninga i kommunen, og for å få kunnskap om kva utfordringar brannvesenet kan stå ovanfor. Når ein brann først har oppstått vil den medføre eit sannsynleg skadeomfang, mellom anna styrd av tid før den vert oppdaga, brannvesenet si innsatstid og reine tilfeldigheter. Fastsetjing av dette forventa skadeomfanget vil være viktig fordi ein reduksjon av det vil være ressurskrevjande og i dei fleste tilfelle krevje andre verkemiddel en dei brannvesenet rår over. All nasjonal statistikk syner at branncella eller bygget ein brann oppstod i som regel vert totalskadd av brannen. Ut frå bygningsstruktur, bemanning, innsatstid til dei ulike delane av kommunen og eigne erfaring, er dette tilfelle også i Jølster. I praksis medfører dette at eit branntilløp vil medføre skadar tilsvarende verdien av eit bustadhus, og at brannvesenet klarar å hindre spreining til nabobygg. Ved eit branntilløp må eigar difor rekne med eit sannsynleg økonomisk tap på 2-5 millionar kr, meir ved store bygg til dømes lager, produksjonslokale, driftsbygning med meire. Beredskapsavdelinga si målsetjing er at brannar i kommunen ikkje skal omfatte fleire brannceller/bygg og ikkje medføre større økonomiske tap en 5 mill. Dette vert såleis styrande for vår ressursbruk.

Denne kartlegginga er laga ut frå ein brannfagleg ståstad, og nokre av vurderingane kan difor avvike frå dei andre institusjonar, og ikkje minst dei som vert råka av ei hending vil ha.

Vurdering av konsekvens av ei uønskt hending.

	Liv og helse	Materielle verdier	Miljø
Katastrofal (4)	> 4 menneskeliv > 250 dyr	Store materielle øydeleggingar > 100 mill. kr Totalskada freda bygning	Regionale konsekvensar
Veldig kritisk (3)	2-4 menneskeliv > 100 dyr	Alvorlege materielle øydeleggingar > 10 mill. kr Skade i freda bygning	Store konsekvensar, tiltak naudsynt
Kritisk (2)	1 menneskeliv > 50 dyr	Store skadar på materiell > 1 mill. kr	Betydelege konsekvensar

		Branntilløp freda bygning	
Farleg (1)	Personskade	Mindre skadar på materiell	Registrerbar skade
Ufarleg (0)	Ingen eller ubetydeleg personskade	Ubetydeleg skadar på materiell	Ubetydeleg skadar på miljø

Graderinga er valt ut frå litteratur om ROS-analyser. Same hending vil ofte ha konsekvensar innanfor fleire område. I risikovurderinga vert faktoren med størst konsekvens lagt til grunn. Tilsvarande er også eit "Worst Case" senario lagt til grunn ved gradering av ulike hendingar.

Vurdering av sannsynlegheit for ei uønskt hending

I vurderingane er statistikk frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) nytta. Kriteria for dei ulike kategoriane er henta frå "*Handbok i kartlegging av brannrisiko i kommunen*" utgitt av DSB.

Sannsynlegheit	Frekvens
Svært lite sannsynleg (0)	< ein gong/100 år
Lite sannsynleg (1)	Mellom ein gong/50 år og ein gong/100 år
Sannsynleg (2)	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år
Veldig sannsynleg (3)	Mellom ein gong/år og ein gong/10 år
Svært sannsynleg (4)	Meir en ein gong/år

Risikovurdering.

Risiko er samanhengen mellom sannsynlegheit og konsekvens for ei hending. Ut frå ei vurdering av bygningsmassen, vegnettet, tunellbrann, ulykke og brann i samband med lagring og transport av farleg vare og skogbrann, har brannvesenet fylgjande vurdering av konsekvensane ved ulike hendingar:

	Uønskt hending/brann	Antatt konsekvens	Gradering
1	Freda bygningar	Totalskade i freda bygning	Katastrofal
2	Bustad	2 – 4 menneskeliv	Veldig kritisk
3	Forsamlingslokale	> 4 menneskeliv	Katastrofal
4	Salslokale	> 10 mill. kr	Veldig kritisk
5	Sjukeheim	2 – 4 menneskeliv	Veldig kritisk
6	Omsorgsbustad	2 – 4 menneskeliv	Veldig kritisk
7	Skule og barnehage	> 10 mill. kr	Veldig kritisk
8	Lagring av brannfarleg vare og eksplosivar	1 menneskeliv > 1 mill. kr	Kritisk
9	Transport av farleg gods.	1 menneskeliv > 1 mill. kr Betydelege konsekvensar for miljø	Kritisk
10	Transport av farleg gods i tunell	> 2-4 menneskeliv > 10 mill. kr	Veldig kritisk
11	Ulykke tunellar	2-4 menneskeliv	Veldig kritisk
12	Samfunnsviktige område	> 1 mill. kr	Kritisk
13	Skog	Mindre skadar på materiell	Farleg
14	Landbruksbygg	> 50 dyr	Kritisk

15	Kraftanlegg	> 10 mill. kr	Veldig kritisk
16	Uluke veg	2-4 menneskeliv	Veldig kritisk
17	Andre ulukker	1 menneskeliv	Kritisk

Sannsynlegheita for at dei ulike hendingane skal inntreffe med verst tenkeleg konsekvens vert vurdert til:

	Uønskt hending/brann	Frekvens	Gradering
1	Freda bygningar	< ein gong/100 år	Svært lite sannsynleg
2	Bustad	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år	Sannsynleg
3	Forsamlingslokale	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år	Sannsynleg
4	Salslokale	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år	Sannsynleg
5	Sjukeheim	Mellom ein gong/50 år og ein gong/100 år	Lite sannsynleg
6	Omsorgsbustad	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år	Sannsynleg
7	Skule og barnehage	Mellom ein gong/50 år og ein gong/100 år	Lite sannsynleg
8	Lagring av brannfarleg vare og eksplosivar	Mellom ein gong/50 år og ein gong/100 år	Lite sannsynleg
9	Transport av farleg gods.	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år	Sannsynleg
10	Transport av farleg gods i tunell	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år	Sannsynleg
11	Uluke tunellar	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år	Sannsynleg
12	Samfunnsviktige område	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år	Sannsynleg
13	Skog	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år	Sannsynleg
14	Landbruksbygg	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år	Sannsynleg
15	Kraftanlegg	Mellom ein gong/50 år og ein gong/100 år	Lite sannsynleg
16	Uluke veg	Mellom ein gong/10 år og ein gong/50 år	Sannsynleg
17	Andre ulukker	Mellom ein gong/år og ein gong/10 år	Veldig sannsynleg

Samanstilling av sannsynlegheit og konsekvens gjev følgjande risikobilette:

		Sannsynlegheit					
Konsekvens		Svært lite sannsynleg 100 år < x	Lite sannsynleg 50 år < x < 100 år	Sannsynleg 10 år < x < 50 år	Veldig sannsynleg 1 år < x < 10 år	Svært sannsynleg 1 år > x	
	Katastrofal	-Totalskada freda bygning			-Forsamlingslokale		
	Veldig			-Sjukeheim	-Bustad		

	kritisk		-Skule og barnehage -Kraftanlegg	-Salslokale -Omsorgsbustad -Transport av farleg gods i tunell -Uluke tunellar -Uluke veg		
	Kritisk		-Lagring av brannfarleg vare og eksplosivar	-Transport av farleg gods -Samfunnsviktige område -Landbruksbygg	-Andre ulukker	
	Farleg			-Skog		
	Ufarleg					

Ut frå risikomatriza ser ein at prioriterte område vil være forsamlingslokale, salslokale, omsorgsbustader, bustader, trafikkulukker på veg og i tunell og andre ulukker. Brannvesenet har på nokre av desse områda – til dømes trafikk og andre ulukker liten moglegheit til å påverke risikobildet. Utfordringa vert difor å være utstyrd og øvd slik at vi kan respondere på desse hendingane når dei oppstår. I nokre tilfelle kan ein også forvente kompetanseoverføring slik at innsats for å redusere risikoen på eit område også vil redusere risikoen på andre område. Døme på dette er haldningsskapande arbeid.

Utfyllande kommentarar til risikoområde i kommunen

Særskilde brannobjekt

Kommunen er etter brann- og eksplosjonsvernslova § 13 pålagt å føre tilsyn med objekt kor ein brann kan medføre stort tap av menneskeliv, store materielle verdiar, råke samfunnskritiske område eller kulturelle verdiar. I Jølster er det registrert 25 særskilde brannobjekt, dei fleste registrert på grunn av risiko for tap av mange liv. Oversikta inneheld også objekt kor registrering som serskildd brannobjekt vert vurdert.

Objekt	Funksjon	Merknad
Langhaugane barnehage	Barnehage	Brannalarmanlegg Sprinkla
Vassenden omsorgssenter	Pleieinstitusjon Omsorgsbustader	Brannalarmanlegg Delvis sprinkla Brannseksjonert
Vassenden skule	Barne og ungdomsskule	Brannalarmanlegg Brannseksjonert
Mo og Jølster vgs	Vidaregåande skule	Brannalarmanlegg. Bygg ikkje i bruk pr august 14
Vassenden barnehage	Barnehage	Brannvasling
Jølster Hotell	Hotell/Overnatting	Brannalarmanlegg Sprinkla Vert nytta som asylmottak Brannseksjonert
Vassenden Kyrkjesenter	Kyrkje Kontor	Brannalarm. Reg etter § 13 bør vurderast
Jølstraholmen	Butikk	Brannalarm

	Bustad	Delvis sprinkla Reg etter § 13 bør vurderast
Ålhus Kyrkje	Kyrkje	Brannalarmanlegg Freda bygning
Ålhus Barnehage	Barnehage Forsamlingslokale	Brannalarmanlegg
Helgheim Kyrkje	Kyrkje	Brannalarmanlegg Freda bygning
Skei Hotell	Hotell/Overnatting	Brannalarm Brannseksjonert
Skei Barne og ungdomsskule	Barne og ungdomsskule	Brannvarslingssystem
Skei Omsorgssenter	Pleieinstitusjon Omsorgsbustader	Brannalarmanlegg Brannseksjonert
Skei Barnehage	Barnehage	Brannvarslingssystem
Fjærlandstunellen	Tunell Rv 5	Brannvarsling Brannventilasjon
Stølsnestunellen	Tunell Rv 5	Brannvarsling Brannventilasjon
Kleivatunellen	Tunell Rv 5	Brannvarsling
Fossheim Kraftverk	El produksjon	Brannvarsling Inne i fjell
Kjøsnesfjorden Kraftverk (Må registrerast)	El produksjon	Brannvarsling Inne i fjell
Stakaldefossen kraftverk	El produksjon	Brannvarsling
Eikåsgalleriet	Kulturinstitusjon	Brannalarmanlegg
Astruptunet	Kulturinstitusjon	Brannalarmanlegg Verna bygningar

Omgrepet "Brannvarsling" er nytta for anlegg som ikkje er kopla mot brannvesenet (110-sentral), "Brannalarm" har direkte varsling til brannvesenet/110-sentral.

Forsamlingslokale:

Alle større forsamlingslokale er registrert som særskilde brannobjekt. Når dei i risikokartlegginga vert vurdert som dei objekta med størst risiko kjem dette av at dei har stort potensiale for tap av mange menneskeliv. I kommunen er det forsamlingslokale (grendahus) som på grunn av storleik og sjeldan bruk ikkje er registrert som særskilde brannobjekt. Førbyggjande avdeling bør for desse vurdere å gjennomføre tematisyn med fokus på rømmingsvegar og varsling av brann.

Salslokale:

Kommunen har ikkje reine salslokale som er så store at dei utgjer ein urimeleg risiko, men det er to butikklokale som har bustadar i 2. etasje av bygga. Dette gjeld Jølstraholmen og Coop Skei. Ingen av desse er i dag registrert som særskilde brannobjekt, men førbyggjande avdeling har saman med eigar av Jølstraholmen jobba/jobbar med ulike løysingar for å betre tryggleiken i bygget. På grunn av storleiken og blanda bruk, bør det likevel vurderast å registrere bygga som særskilde brannobjekt. For begge objekta er det relativt liten spreingsfare mellom dei ulike bruksområda, og bygga skal med god organisering og tilstrekkelege rutinar for varsling og evakuering ha tilfredsstillande persontryggleik.

Omsorgsbustader og bustader for pleietrengande:

Alle omsorgsbustadane er organisatorisk ein del av pleieinstitusjonane, og dermed registrert som særskilde brannobjekt. På grunn av nedsett funksjonsevne til bebuarane vil dei kunne ha reduserte mogelegheiter til sjølv å rømme bygget ved ein brann. Risikoen for dødsfall vert difor vurdert som større i denne type bygg en for bustadbygg, sjølv om bruken og sannsynlegheita for branntilløp er tilnærma lik. Omsorgsbustadane er også del av større bustadkompleks, og har difor noko større spreingsfare en dei fleste bustadane i kommunen. Dette gjeld sjølv om skiljekonstruksjonane mellom bueningane er i tråd med byggtknisk forskrift. For å oppnå tilfredsstillande tryggleik er det viktig at institusjonane sine rutinar ved brann fungerer tilfredsstillande med tanke på varsling, evakuering og sløkking.

Erfaring frå brannar i pleieinstitusjonar syner at oppgåvene dei tilsette skal/må gjennomføre er omfattande, og sannsynlegvis meir en det vanleg nattbemanning kan klare å gjennomføre. Brannvesenet ser difor med otte på ei utvikling kor talet på nattevakter vert sett ned utan å gjennomføre risikoreduserande tiltak, til dømes sprinkling. Som risikoreduserande tiltak deltek brannvesenet i undervisning og sløkkeøving med personalet.

Heimehjelpenesta gjer at pleietrengjande mottak offentleg omsorg utan at dei er ein del av tryggleiksrutinane til ein institusjon. På grunn av bebuarane si nedsette evne til å redde seg sjølve bør det gjennomførast tiltak som betrar tryggleiken for desse. Bustader kor det bur pleietrengande bør ha brannvarslingsanlegg med varsling til nabo, heimehjelp, sentral eller liknande. Både for bustader og omsorgsbustader er det viktig med haldningsskapande arbeid og fokus på varsling og sløkking.

Andre bustader:

Risikobilete som for andre buformer, men noko større sannsynlegheit for at bebuarane sjølv klarer å redde seg utan assistanse frå brannvesenet eller andre. I høve til persontryggleiken er god varsling sentralt, og brannvesenet må difor jobbe for eit auka medvit i høve til røykvarslarar og/eller brannalarmanlegg. I tillegg må arbeidet med haldningsskapande arbeid og informasjon/opplæring oppretthaldast. Saman med E-trygg gjennomfører brannvesenet 6. klasse opplæring med praktisk sløkkeøving. Brannvesenet har også sporadisk delteke i den nasjonale brannvernveka. Ved tilsyn med piper og eldstader nyttar tilsynspersonellet også høve til å snakke om røykvarslar og sløkkeutstyr. Vinsten ved dette er etter vår meining stor.

Ulukker med farleg gods.

I 2002 vart det estimert at ca 12 000 tonn farleg gods vart transportert gjennom kommunen (DSB Transport av farlig gods på veg og jernbane), og det er grunn til å tru at mengden har auka i takt med transportutviklinga. Med så store mengder er det grunn til å tru at vi har høgre sannsynlegheit for slike ulukker en folketal og veglengde skulle tilseie. Jølster er med i IUA Sogn og Sunnfjord, og vil ved ulukker med farleg gods få bistand med saneringsutstyr, kjemikaliedykkarar med meir. I tillegg har IUA lagra 100 m absorberande lenser på brannstasjon Skei og saneringsbark på begge bilane. Begge delane har vorte nytta ved trafikkulukker. Store delar av vegnettet ligg langs Jølstravatnet og ulukker vil difor kunne ha alvorlege konsekvensar for drikkevattnet til store delar av innbyggjarane. I tillegg kjem vatnet og elvane sin verdi som naturmiljø, rekreasjonsområde og fiskevatten.

Ulukker i tunell med og utan farleg gods, trafikkulukker generelt.

Det er i Jølster vesentleg fleire trafikkulukker en det talmaterialet i "Håndbok i kartlegging av brannrisiko i kommunene" frå DBE skulle tilseie. Årsaken til dette er sannsynlegvis

metodefeil på grunn av at vi har vesentleg meir gjennomgangstrafikk en innbyggjartalet skulle tilseie. Erfaringstal frå dei siste åra syner at over halvparten av våre utrykningar kan knyttast til trafikkuhell.

Felles for ulukker knytt til vegtrafikk er at brannvesenet har avgrensa moglegheit til å påverke rissikobiletet. Vegstandard, trafikkmengde, åtferd i trafikken, standard på kjøretøya osb. ligg utanfor vår inflytelsesfære, og avgjersle som påverkar dette vert tatt av andre myndigheiter. Vårt arbeid vert dermed av skadeavgrensande karrakter, og krev at vi har tilstrekkeleg sikring, løfte og frigjeringsutstyr – og er øvd i bruken av dette utstyret. Vassenden brannstasjon har dårleg utstyr på dette området, og er avhengig av bistand frå Skei eller Førde for å løyse sine oppgåver. Dette vil forsinke innsatsen med 20 – 30 minutt, og Vassenden bør difor få frigjeringsutstyr på sin bil. Tre av tunellane i kommunen (Fjærlandstunellen, Stølsnestunellen og Kleivatunellen) er særskilde brannobjekt, og Stasjon Skei er utstyrd med tunellsamband slik at vi har god radiodekning for innsats i tunellar.

Utfordringa med tunellar er at trekkretninga kan vanskeleggjere innsats, det er dårleg vassforsyning og tett røyk gjer det farleg med RD-innsats. Saman med Vegvesenet må ein difor finne gode rutinar for styring av nødventilasjon. IR-kamera og tankbil er også naudsynt for ein effektiv innsats innover i tunellane. Dette vert spesielt viktig ved den planlagde forlenginga av Stølsnes/Kjøsnestfjord tunellen.

Langs E39 er det fleire punkt (til dømes Årdal (smal veg), Skjersura og strekninga Langhaugane – Flaten, og då spesielt Skulehussvingen) som har vesentleg høgare ulukkesteleik en andre delar av vegnettet. Berre tilfeldigheiter har hindra at nokre av desse ulukkene ikkje medførde alvorleg skade eller dødsfall. Redusert tilrådd hastigheit har synt seg effektivt i Skulehussvingen og bør difor vurderast også på andre punkt. Brannvesenet meiner det er eit problem at Vegvesenet med unntak av Skei-Bjørset, ikkje har planar om å utbetre desse partia.

Andre ulukker:

Her er det tenkt på hendingar kor brannvesenet vil bistå sjølv om det kan falle noko på sida av våre vanlege oppgåver, til dømes opprydding og skadeavgrensing under og etter "Dagmar", snøras, søk etter sakna personer og transport av skadde. Med dei resursane brannvesenet rår over vil vi i dei fleste tilfella vere i stand til å løyse slike oppgåver utan at dette går ut over beredskapen. På grunn av krav om minimumsberedskap kan ein likevel ikkje rekne med at brannvesenet alltid vil kunne stille med alle sine ressursar. For brannvesenet er det likevel viktig å kunne bidra der vi kan. Gode rutinar og kommunikasjon mellom den lokale kriseleinga og brannvesenet vil vere sentralt for at vår bistand vert effektiv.

Landbruksbygg/Driftsbygning:

Over halvparten av fjøsa i kommunen har meir en 50 dyr, og ein brann i desse vil kunne ha kritisk konsekvens. Dette er bygg med krav om brannvarsling (ikkje krav om varsling til brannvesenet), og det kan forventast tidleg dettektering. Erfaring frå andre delar av landet syner at berre ein liten del av dyra kan reddast i samband med brann, mellom anna på grunn av store problem med å evakuere dyra. Gjennom forsikringsselskap og mattilsynet er driftsbygga sikra brannfagleg oppfylgning, men brannvesenet vil gje veileiing og råd når eigar ynskjer dette. I tillegg til konsekvensane med tanke på dyrevelferd vil brann/branntilløp i denne type bygg også kunne medføre store økonomiske tap for eigar. Førebyggjande avdeling må difor fortløpande vurdere korleis tryggleiken for desse objekta best vert ivareteke.

Skuler og barnehager:

Alle disse er registrert som særskilde brannobjekt. Som for forsamlingslokale utgjør potensialet for mange personskader ein vesentleg del av risikobiletet. Også for desse objekta må persontryggleiken ivaretakast ved gode rutinar for varsling og evakuering. Dette er eit sentralt punkt under tilsyna med desse objekta.

Bygga representerer store materielle verdiar, og eit branntilløp vil i beste fall medføre praktiske problem i høve til å ivareta tilbodet dei skal gje – med dei samfunnsmessige konsekvensane dette kan gje. Bygga bør difor ha brannalarmanlegg som dekkar heile bygningsmassen. Manglande brannalarmanlegg vil for denne type bygg ha liten konsekvens for persontryggleiken mellom anna på grunn av brukarane si kjennskap til bygga og bruksmåte. Nokre av dei eldste bygga har ikkje krav om brannalarmanlegg etter PBL, men fleire har fått alarm som ein del av ombygging eller utskifting.

Omsorgssentra:

Kombinasjonen av låg bemanning og klientar med nedsett funksjonsevne gjer at branntilløp i desse objekta kan medføre svært alvorlege konsekvensar. Det er difor viktig at rutinar for å unngå brann, sløkkje branntilløp, innkalling av ekstrapersonell og evakueringsplanar er gode og fungerer. Denne typen bygg skal være delt i to med ein brannskiljekonstruksjon, slik at eit branntilløp ikkje skal råke meir en halve bygget – uavhengig av brannvesenet sin innsats. Tilsyna må difor også sikre at desse konstruksjonane har den ytinga dei skal ha, og at institusjonane har rutinar som fungerer. Sjå også merknadene til omsorgsbustadane.

Kraftanlegg:

Dei største anlegga i kommunen (Kjøsnesfjorden, Fossheim og Stakaldefossen) er registrert som særskilde brannobjekt på grunn av samfunnsverdi/forsyningstryggleik. I tillegg gjennomfører NVE tilsyn etter sitt lovverk på desse anlegga. Mindre kraftverk har liten innverknad på forsyningstryggleiken, og er difor ikkje registrert som særskilde brannobjekt. For overordna nett vil Statnett sin nye trafostasjon ved Stakaldefossen ha stor nasjonal verdi, og denne bør registrerast som særskild brannobjekt når den vert sett i drift. Som for større kraftverk vil NVE gjennomføre tilsyn og ivareta dei nasjonale interessene. Brannvesenet bør jobbe for å få til samarbeid med NVE slik at fellestilsyn kan gjennomførast.

Skog:

Brannvesenet estimerer eit maksimalt sannsynleg råka område ved skogbrann til å være på ca 200 da. Topografi, dårlege eller manglande vegar og få tilgjengelege vasskjelder vil gje store utfordringar i sløkkjearbeidet. Sløkking av skogbrannar er tid og ressurskrevjande, og brannvesenet reknar med å måtte be om assistanse i sløkkjearbeidet. Staten, gjennom DSB, disponerer helikopter til bruk i sløkkjearbeidet, men kostnadene ved bruk av dette er så høge at dette berre er aktuelt ved store brannar. Dei fleste tilløp til brann dei siste 10 åra har vore knytt til uforsvarleg bråtebrenning i og mot utmark. Innskjerpa handheving av § 8-2 i Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn (Forbod mot bruk av eld i og mot utmark) - eventuelt supplert med lokal forskrift, bør gjennomførast for å redusere risikoen for skogbrann.

Lagring farleg gods:

I DSB sin database over lager for farleg gods (FAST) er det registrert lager i tilknytning til både bustader (LPG) og næring (LPG og brannfarleg veske). I bustadfelta "Hjelbrekke" og

"Årsetbakkane" er det registrert fleire nedgravde LPG-tankar for bruk i bustader. Dei fleste lagra har kome til dei siste 10 åra, og tryggleiken skal være ivareteke gjennom reglane for montering, avstandar og sikring. Det er i kommunen ikkje registrert lager som kjem inn under "Storulukkeforskrifta"

Det er ikkje lengre krav om at brannvesenet skal godkjenne lagring av farleg gods, men eigar er pliktig til å registrere desse i FAST. Grensa for å registrere fyringsolje og diesel er på 100 m³, og gardstankanlegg er difor ikkje registrert.

Totalskade på freda/verna bygg:

I kommunen er det fleire bygg/bygningsmiljø som er freda etter lov om kulturminne, mellom anna Ålhus kyrkje (gbnr 69/32), Helgheim kyrkje (6/10), Bensentunet (71/15), Midttunet (39/4/1), loft på Støylen (64/2) og to bygg på Kjøsnes (30/1). I tillegg er Astruptunet (39/44) og Jølstramuseet (60/14) gitt vern etter Plan- og Bygningslova. Mange av desse bygga har på grunn av lite elektrisk utstyr og bruk, redusert sannsynlegheit for brann. For mange av bygga er utrykkingstida likevel lang, slik at brantilløp kan få store konsekvensar. Eit viktig tiltak for å redusere risikoen vil difor være å installere automatisk vaslingsanlegg og sprinkle heile eller delar av bygningsmassen. Spesielt Bensentunet er utsett sidan dette ligg i eit område med dårleg tilgang til sløkkjevatten.

Innsatstid, bistand til/frå anna brannvesen:

Krav til innsatstid gitt i "Dimensjoneringsforskrifta" § 4-8 er med dagens ordning oppfylt. Med brannstasjonar både på Vassenden og Skei har kritiske bygg og begge tettstadane i kommunen innsatstid på under 10 minutt. Utrekningar i Vision syner at heile kommunen har innsatstid på under 20 minutt frå minst ein av stasjonane, og Jølster brannvesen har 1. innsats i heile kommunen.

På strekninga Førde grense – Movika syner utrekningar at Vassenden har kortare utrykkingstid en Førde brannvesen. Stasjonen må difor rekne med utalarmering på hendingar her og eit stykke inn i Viksdalen.

På strekninga Sogndal grense – Berge syner utrekningar at Skei har kortare utrykkingstid en Sogndal brannvesen. Stasjonen må difor rekne med utalarmering på hendingar langs Rv 5 på denne strekninga og i Fjerland.

I området Førde grense – Vassenden og Gloppen grense – Skei har brannvesena i Førde og i Breim kortare utrykkingstid en vår eige sekundærstasjon. Tidsdifferansen er liten og spesielt med tanke på trafikktilhøva gjennom Førde sentrum usikker. Taktisk er det også ein vinst ved at primær og sekundær innsatsstyrkane er kjend i området, kjenner leiinga på skadestaden og kvar andre. Ut frå ei taktisk vurdering har difor brannsjefen i Jølster avgjort at Skei (J1) skal fungere som sekundærstyrke til og med innsats i Langhaugane, og Vassenden (J2) som sekundærstasjon til og med Skei. Ved hendingar som krev innsats ut over 1. innsats utanfor desse områda skal næraste ledige ressurs utalarmerast.

Assistanse frå andre brannvesen skal uavhengig av stad rekvirerast frå nabobrannvesen dersom hendinga har eit omfang som gjer det usikkert om Jølster brannvesen har tilstrekkeleg ressursar til å handtere den.

Brannvesenet sine innsatsmogelegheiter:

Dei fleste bygga i kommunen er frittliggjande, det vil seie med innbyrdes avstand meir en 8 m. Bygningar eller bueiningar med kortare innbyrdes avstand skal ha tilstrekkeleg sikring mot for rask spreieing (branncelleavgrensing). Unnataket er mindre garasjar som kan være oppført med uklassifiserte konstruksjonar og nærare anna bygning en 8 m. I dei fleste tilfella kan ein difor rekne med minimum 30 minutt frå ein brann oppstår til det er spreieing til anna byggverk (konsekvens av Plan- og bygningslova og teknisk forskrift). Med tidleg varsling skal dette være tilstrekkeleg tid til å få menneskap og utstyr på plass og byrje skadeavgrensing, også for dei bygga som ligg lengst frå brannstasjonane. Begge brannbilane har 2 700 l på tank, slangetrommel og berbar motorpumpe. Dette gjer at innsats for å redusere spreieingsfaren raskt kan byrje. 1. innsatsbilen vil i dei fleste tilfella ha tilstrekkeleg med vatten til å hindre spreieing fram til støtte frå 2. bil, permanent vassforsyning er etablert, eller nabobrannvesen kjem på staden med tankbil.

I sentrumsområda og bustadfelt på Skei og Vassenden er det kommunale leidningsnett dimensjonert og utstyrt for at brannvesenet skal kunne hente sløkkjevatten. Områda har liten spreieingsfare og dette vert vurdert til å være tilstrekkeleg etter Dimensjoneringsforskrifta § 5-4.

Utanfor sentrumsområda er vi avhengig av medbrakt vatten eller pumping frå ope vasskjelde. Motorpumpene har litt for låg kapasitet (ca 1000 l/min) til å kunne gje ei god vassforsyning for sløkking av større brannar, og vi er avhengig av assistanse frå sekundærstasjonen og/eller nabobrannvesen på desse. Dei fleste innbyggjarane bur slik til at tilgang til sløkkjevatten ikkje skal være eit vesentleg problem. Det er likevel område som til dømes Klakegg, Erikstad, Bensentunet, Flugekvam, Hjelmbrekka, Grimsbø og Eikås som har dårleg/usikker tilgang til sløkkjevatten. I denne samanhengen er Bensentunet spesielt kritisk på grunn av tunet sin kulturhistoriske verdi, tett plasserte bygningar og lang køyretid frå stasjonane. Heile tunet bør difor ha brannalarmanlegg og sprinkling.

I område med lengre innsatstid en 15 min frå brannstasjonane bør det i plansamheng vurderast å setje forbod mot bustadbygg med fleir en to bueiningar dersom desse ikkje har kompensierende løysingar (ut over PBL sine tekniske krav), til dømes brannalarm og/eller sprinkling for å ivareta tryggleiken. Tidsbruken frå brann oppstår til brannvesenet kjem på staden, kan i desse områda bli så stor at det er lite sannsynleg at brannvesenet vil klare å hindre spreieing til nabobranncelle.

Bortfall av radio og telekommunikasjon:

På grunn av manglande VHF-dekning i delar av kommunen, har brannvesenet innarbeide rutinar for å handtere manglande radiokommunikasjon under ein aksjon. Erfaringa tilseier at desse rutinane fungerer godt, og slike hendingar medfører difor ikkje vesentleg endring i risikoen eller vår evne til å løyse eit oppdrag. Meir kritisk er manglande utalarmering på grunn av feil i kommunikasjonen mot Alarmsentralen. Gjennom alarmsentralen har brannvesenet kjøpt løysing for varsling via mobiltelefon (UMS). Bruk av denne løysinga vil forlengje utrykningstida vår med 5-10 minutt og vert berre nytta om alt anna er ute av drift, eller for å alarmere menneskap utanfor dekningsområdet til vårt samband. Innføring av nytt nødnett vil sannsynlegvis betre dekninga og gje betre utalarmering av menneskap, spesielt når desse er utanfor kommunen.

Revisjon av risikokartlegginga.

Denne kartlegginga skal minimum gjennomgåast årleg, og reviderast når naudsynt. Som ein del av revisjonen skal det også vurderast om endringane er så omfattande at andre dokument, til dømes brannordninga eller internkontrollsystemet må reviderast.

Revisjonslogg:

Juni 2013 – Revisjon i høve til utrekna risiko

September 2014 – Omarbeida og utvida spesiell del.

Januar 2015 – Mindre justeringar enkeltobjekt

Juni 2015 – Innsatstid og bistand til/frå andre brannvesen oppdatert ut frå avtale og utrekna innsatstider i Vision.